



Øystre Slidre kommune



Årsrapport 2020

Årsberetning
Årsregnskap

https://pub.framsikt.net/2020/oystre-slidre/mr-202012-årsrapport_2020/

Framlagt av rådmann 29.mars /12.april 2021

Innhald

Forord	4
10 på topp.....	5
Utviklinga i lokalsamfunnet	7
Befolkningsutvikling 4. Kvartal 2020	7
Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling	8
KOSTRA hovudtal	8
Generelt om kostra-tala i årsrapporten	8
Kostra - hovudtal 2020	8
Vurdering av driftsresultat for kommunen	9
Disposisjonsfond - frie fond drift.....	10
Finans-, gjelds- og kraftforvaltning.....	11
Koronaen (covid-19) og verknad på kommunens økonomi.....	16
Budsjettavvik drift	17
Premieavviket.....	22
Investeringsregnskapet - kommentarar	24
Organisasjon	27
Rekruttering.....	27
Sjukefråvær.....	27
Uføredel.....	29
Likestilling	29
Arbeidstid/deltid	31
Etisk standard	33
Internkontroll	33
Miljø.....	33
Kommunens tjenesteområder	34
Rådmannen.....	34
Opplæring og kultur	36
Helse og omsorg.....	41
Tekniske tenester	44
Årsregnskap	50
§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A).....	50
§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B).....	51
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar – drift.....	52

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3).....	53
§5-5 Bevilgningsoversikt investering.....	54
§5-5 Bevilgningsoversikt investeringar per prosjekt.....	55
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - investering.....	58
Balanse per 31.12.....	59
Vedlegg.....	71
Interkommunale tenester - årsrapportar.....	71
Øystre Slidre Frivilligsentral - Årsrapport 2020	72
Bruk av eigedomsskatt	77
Tilstandsrapport skule 2020	79
Regnskap 2020 per kostra-funksjon	80
Revisjonsberetning	82

Forord

Årsmeldinga for 2020 viser om vi har brukt meir eller mindre pengar på dei ulike tenesteområda enn det kommunestyret har løyvd i budsjettet. Årsmeldinga viser også om måla som kommunestyret har gitt er nådd eller ikkje nådd, og forklarar vesentlege avvik.

2020 har vore prega av koronaen. Med nedstenging av landet 12. mars vart kvardagen for oss alle, både som innbyggjar i kommunen og som tilsett, brått endra. Sjølv om Øystre Slidre har vore heldige og hatt låg smittespreiing gjennom 2020, har koronaen prega alle tenesteområda. Særleg innan helse og omsorg og barnehage og skule har det vore omfattande tiltak for å unngå lokal smittespreiing. Økonomien til kommunen har også vore svært påverka av koronaen.

Eg vil takke alle tilsette i kommunen for den ekstra innsatsen svært mange har gjort for å levere gode tenester til innbyggjarane også i ei tid prega av koronarestriksjonar.

Jostein Aanestad

rådmann

10 på topp

Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel, og viser dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden. Desse utviklingsområda vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden.

- Vi skal ferdigstille Øystre Slidre helsetun innanfor kostnadsramma på 260,3 mill. kr. eks mva og ta bygningen i bruk innan utgangen av 2020, og vi skal leggje om helse- og omsorgsteneste slik at moglegheitene nytt helsetun gir vert utnytta.

Utbygginga av helsetunet følgde i 2020 framdriftsplanen, trass i koronaen som gav forseinkingar på vareleveransen og tilgangen på arbeidskraft. Bygget vart overlevert frå entreprenør i desember, med innflytting i desember og januar. Vi har nokre område med kostnadsauke, m.a. innan velferdsteknologi, men det er kompensert med reduserte kostnader på andre område. Vi har søkt skjønnsmidlar til velferdsteknologi i Helsetunet, og fått tilsagn på 500` kr. Ved utgangen av 2020 ligg framleis prosjektet an til å halde seg innanfor den samla kostnadsramma på 260,3 mill.kr eks mva.

Vi har gjort avtalar om tilgang på grunn for naudsynt utviding av tomta og for etablering av p-plassar og torg i området mellom helsetunet og Coop Heggenes. Vi har også fått avtale om grunn for tilgang til flisfyringsanlegget.

Vi har innan helse og omsorg etablert eit hovudprosjekt med fleire delprosjekt med mål om å utvikle og sikre kvalitet og effektivitet i pleie og omsorgstenestene våre. Eit viktig fokus i dette arbeidet er auke storleiken på stillingane og bygge kompetanse til å kunne spesialisere oss i noko større grad enn no. Ved innflytting i nytt helsetun er turnusen lagd om, med overgang til langvakter i helgene. Dette opnar for større stillingsstorleikar og meir stabil bemanning.

- Vi skal tilpasse barnehagekapasiteten til etterspurnaden etter barnehageplassar og planlegg ei heving av bygningskvaliteten for barnehagen i midtre del av kommunen.

Frå 1.august 2020 har kommunen 3 barnehagar: Rogne og Beito barnehagar (kommunale) og Heggebø Friluftsbarnhage (privat). Tingvang barnhage blei lagt ned frå 1.august. Dei tre barnehagane har ein totalkapasitet som er tilpassa etterspurnaden etter barnehageplassar.

Kommunen og Heggebø Friluftsbarnhage SA er i dialog om utbetring av bygningsmassen ved Heggebø Friluftsbarnhage. Frist for naudsynte utbetringar vart sett til 15.12.20, men Heggebø Friluftsbarnhage har bedt om utsett frist. Rådmann tilrår som ei oppfølging av moglegheitsstudie for Heggenes – Tingvang at det vert arbeidd vidare med to alternative tomter for framtidig barnhage i midtbygda.

- Vi skal busetja minst 10 flyktningar i 2020 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.

Busettinga stoppa i byrjinga av 2020 opp grunna i koronasituasjonen, men på slutten av året vart det busett 11 flyktningar. Vi har auka tal tilsette slik at vi kan stå for introduksjonsopplæring i eigen kommune. Kommunestyret har vedteke ein busettings- og integreringsplan er i slutfasen.

- Vi skal revidera samfunnsdelen av kommuneplanen og lage ein næringsstrategi for alle næringsområde som del av planen innan utgangen av 2020.

Kommunestyret vedtok i sak 74/20 samfunnsdelen av kommuneplanen, inkl. ein næringsstrategi. Prosessen fram mot vedtak var praga av brei politisk deltaking. Det vart i tillegg gjennomført møte med

næringsdrivande innan bygg- og anlegg, landbruk og reiselivet, som gav nyttige innspel til næringsstrategien.

- Vi skal i lag med nasjonale myndigheiter og andre samarbeidspartar etablere norsk senter for fjellandbruk på Løken gard innan utgangen av 2020.

Vi har i lag med Norges Vel utarbeidd eit prospekt for etablering av eit nasjonalt ressurscenter for fjellandbruk med hovudkontor på Løken og eit prospekt for etablering av eit eigedomsselskap for overtaking og utleige av Løken gard. Vi har fått støtte frå fylkesmannen og fylkeskommunen til etablering av ressurscenteret, og faglag og kommunar i Valdres har gjort vedtak om å delta som medeigarar i eigedomsselskapet. Vi har hatt drøftingsmøte med Landbruks- og matdepartementet, og leiinga i departementet har også vore på synfaring på Løken gard.

- Vi skal etablere næringsklynga Klima+ i bankbygget og sørge for at minst 5 verksemdar inngår i næringsklynga innan utgangen av 2020, der målsettinga med næringsklynga er å etablere fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad.

Vi har tilsett prosjektleiar for Klima+. Vi har utvikla ulike modellar for deltaking i næringsklynga og etablert eit grunder-kontor som del av tilbodet. Lokala vil også bli nytta til møterom for interne og eksterne møte. Vi har avtalar med fire verksemdar om lokalisering i næringsklynga og vi har intensjonsavtalar med ti verksemdar om utviklinga og drift av klimavenlege hyttekonsept. Vi har fått ei løyving på 1.500` til Klima+ frå Miljødirektoratet og ei løyving på 115`- til eit forprosjekt for å gjere Klima+-bygget til eit null-hus. Forprosjektet for å gjere Klima+-bygget til eit nullhus er ferdig, og rapporten er sendt Miljødirektoratet.

- Vi skal i samarbeid med næringslivet etablere selskapet Beitostølen utvikling as som ei felles selskap for finansiering og gjennomføring av fellestiltak på Beitostølen, der målsettinga er å doble tal busette til 600 personar og tal overnattingsdøgn til 600 000 gjestedøgn innan 2030. Utviklinga skal skje ved å heve sentrumskvalitetane og oppretthalde moglegheitene for Rein naturglede.

Vi har i samarbeid med Beitostølen utvikling utarbeidd grunnlaget for eit felles selskap for finansiering av fellestiltak på Beitostølen. Vi var i ferd med å fullføre arbeidet, då koronaen kom og «tok» næringslivet. Den 24. sep. vart det inngått ein intensjonsavtale om etableringa av selskapet.

- Vi skal marknadsføre oss som nasjonalparkkommune ved m.a. å etablere eit informasjonssenter på Beitostølen og profilere nasjonalparkkommune på nettsida til kommunen.

Nasjonalparkkommunen er profilert på nettsida til kommunen. Vi har ambisjon om også ei engelsk språkutgåve av denne. Informasjonssenteret vart opna i ein første versjon 19/6. Vi har kome til at informasjonssenteret skal skalerast noko ned i storleik, og at innhaldet i senteret må utviklast over tid.

- Vi skal halde fram med utbygging av stiar og løyper i kommunen, og i lag med løypeforeiningane, idrettslag og næringslivet vurdere nye modellar for organisering og finansiering av drift av løypenettet.

Vi har fått innspel frå løypelaga med deira ambisjonar for vedlikehald og utbetring av løypenettet og eit oppsett over stipulerte kostnader. Dette vil gje eit viktig grunnlag for revidering av sti- og løypeplanen i 2021. Vi har drøfta nye modellar for organisering og drift av løypelaga med løypelaga, og to av løypelaga har starta eit arbeid med sikte på samanslåing.

- Vi skal i lag med idrettslage lage ein utviklingsplan for Beitostølen stadion med sikte på å doble bruken av området gjennom heile året.

Beitostølen stadion AS har laga ein utviklingsplan for anlegget og søkt kommunen om midlar for gjennomføring av planen. Kommunen har løyvd 350` kr til utvikling av anlegget i 2020 over eigedomskattmidla, og 302 408 i støtte over koronatilskotsordninga.

Vi har starta drøftingar med grunneigarar på stadion for å løyse inn avtalar om leige av grunn, slik at kommunen eller stadion vert eigar av grunnen. Det vart i 2020 inngått avtale med ein av grunneigarane. Dette arbeidet vil halde fram i 2021.

Grunna koronaen har ikkje utviklinga i bruken av anlegget vore aktuelt å måle eller følgje opp i 2020.

Utviklinga i lokalsamfunnet

Befolkningsutvikling 4. Kvartal 2020

	2016	2017	2018	2019	2020
Folketall ved inngangen av kvartalet	3 248	3 248	3 221	3 208	3 229
Født	26	26	20	34	32
Døde	31	32	33	30	34
Fødselsoverskudd	10	-6	-13	4	-2
Innvandring	30	37	29	32	31
Utvandring	21	35	13	17	35
Innflytting, innenlands	123	106	101	111	130
Utflytting, innenlands	114	129	120	109	126
Nettoinnflytting, inkl. inn og utvandring	18	-21	-3	17	0
Folkevekst	28	-27	-13	21	-4
Folketallet ved utgangen av kvartalet	3 248	3 221	3 208	3 229	3 225

I 2020 hadde vi ein folketalsnedgang på 4 personar, med eit negativt fødselsoverskot på 2 og netto utflytting på 2. Vi ville hatt ei høgare folketalsnedgang (12 personar) dersom grensejustering med Veste Slidre pr. 1.1.21 ikkje hadde blitt gjennomført. I gjennomsnittet dei tre føregåande åra har det vore ei negativ folketalsutvikling på 7 personar i året.

Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling

I dette kapitlet gjer vi greie for forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den i vare tek den økonomiske handleevna over tid (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd a). Vi omtaler driftsresultatet, investeringsregnskapet, fonda, finans- og gjeldsforvaltninga, kraftforvaltninga mv.

KOSTRA hovudtal

Generelt om kostra-tala i årsrapporten

Kostra-tala i rapporten er henta frå SSB si publisering av tal for "kommune-konsern" (inkl. andel av internkommunale samarbeid og IKS), per 15. mars. Dei kan difor avvike litt frå berekna indikatorar for kommunen utan "konsern". Kostra-tala som er teke med i årsrapporten er justert med utgiftsbehov og deflator. Det betyr at tala blir meir samanliknbare for kommunen over år, då alle tal blir justert til 2020-tal. Utgiftsbehovet seier noko om kor mykje ei kommune, eller ei teneste i ei kommune, kostar å drive, samanlikna med andre kommunar. Ei kommune med stor tilflytting, vil naturleg nok ha større utgifter til barnehagar og skuler enn gjennomsnittet. Dei vil difor få eit større utgiftsbehov til desse tenestene enn ei kommune med fråflytting. Det er denne korrigeringa staten bruker for å rekne ut rammetilskotet. Det er også denne korrigeringa analysen bruker for å samanlikne faktisk bruk mellom kommunane. På denne måten kan vi samanlikne kommunar sjølv om dei ikkje er like i høve demografi mv. På det tidspunktet kommunen legg fram årsrapporten for 2020, har SSB tekniske problem med kostra som gjer at det må takast eit visst atterhald om alle publiserte kostra-indikatorar er rett.

Kostra-tala er kommentert nedanfor under kapitla "Vurdering av driftsresultatet for kommunen", "Disposisjonsfond" og "Finans- og gjeldsforvaltning".

Kostra - hovudtal 2020

Økonomi	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostra-gruppe 04	Landet uten Oslo
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	37,6 %	33,4 %	20,1 %	23,1 %
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	3,9 %	5,1 %	3,6 %	4,0 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)	111 253	111 679	105 006	90 000
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,5 %	-1,2 %	0,5 %	1,4 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	110 693	113 011	104 463	88 705
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	39,7 %	59,0 %	16,1 %	15,9 %
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	18,1 %	14,9 %	9,5 %	11,7 %
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	58 119	57 603	58 467	58 317
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser Beløp per innbygger (kr)	126 117	165 766	105 837	111 986
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	115,2 %	148,4 %	100,8 %	124,4 %
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	3,2 %	1,7 %	1,8 %	2,4 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	106 015	142 199	88 943	91 397
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	95,3 %	127,3 %	84,7 %	101,6 %
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	19,4 %	49,1 %	50,7 %	54,6 %

Vurdering av driftsresultat for kommunen

Nedanfor vurderer vi resultatet 2020 i forhold til kostra og kommunen sine målsetjingar.

Brutto driftsinntekter: Brutto driftsinntekter er høgare per innbyggjar enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det var og tilfellet i fjor og tidlegare år. Årsaka er i stor grad at det er mange hytteeigarar i kommunen som bidreg inn med eigedomsskatt og kommunale avgifter. Frie inntekter per innbyggjar ligg litt under samanliknbare grupper. Det kan ha si årsak i ulik klassifisering av ekstra tilskot for koronaen i 2020.

Brutto driftsutgifter: Brutto driftsutgifter per innbyggjar auka i 2020 i forhold til 2019 og det var auke i 2018. Utgiftene er og har vore ein del høgare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Vi syner til kommentarar til budsjettavvik under kap. "Kommunens tjenesteområder". Det er fleire område kommunen har høgare utgifter per innbyggjar, bl.a. grunnskule, aktivitetstilbod barn og unge, diagnose/behandling og rehabilitering, tilrettelegging og bistand for næringsliv og landbruk.


Brutto driftsresultat: Brutto driftsresultat er negativt, vesentleg dårlegare enn fjorår, og dårlegare enn kostragruppa og landet. Dette skuldast at auken i driftsutgifter var høgare enn auken i driftsinntekter, noko som har vore tiltellet dei siste åra. Vi viser til omtale av budsjettavvik for dei ulike områda.

Avdrag: Kommunen har vesentleg høgare avdragskostnad (5,1 i % av brutto driftsinntekter) i 2020 enn året før, og høgare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo, som ligg på 3,6%-4%. Dette kjem som følge av høgt investeringsnivå siste åra. Brutto investeringsutgifter i 2020 ligg på 59% av brutto driftsinntekter, medan det i dei andre gruppene ligg på rundt 16%.

Netto driftsresultat: Økonomisk oversikt drift viser at netto driftsresultat for 2020 vart 4.306`. Det utgjør 1,2% av brutto driftsinntekter. For "kommunekonsernet" utgjør det 1,7%, jf. tabellen ovanfor. Resultatet er lågare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo, som ligg på 2,4%, og lågare enn i fjor.

Kommunen har mål om at netto driftsresultat skal ligge på over 3% av brutto driftsinntekter, jf. økonomiplan for 2020 (forord). Dette er eit vanleg mål i kommunal sektor, for å sikre sunn økonomi som kan tåle uforutsette svikt og svingningar i økonomien. Netto driftsresultat i 2020 låg ein god del under dette. Det låg og under 1,75%, som er tilråinga frå departementet.


Netto driftsresultat har vore slik dei siste åra:



	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,8 %	3,5 %	1,4 %	6,5 %	2,7 %	1,2 %
Netto driftsresultat i 1.000 kr	7 901	10 104	4 143	21 575	9 225	4 306
Brutto driftsinntekter i 1.000 kr	279 486	290 345	298 949	333 002	342 616	349 618

Disposisjonsfond - frie fond drift

Nedanfor ser vi utviklinga av disposisjonsfondet (kommunen sine frie fond til drift inkl.eigedomsskattefond til næring) (tal i heile 1.000).



Disposisjonsfonda er i løpet av 2020 redusert med 10.189`, til 50.913`.

Dei består per 31.12.2020 av disposisjonsfond eigedomsskatt på 2.285`, og andre disposisjonsfond på 48.628`.

Summen av disposisjonsfonda ("fri egenkapital drift") utgjør 14,5% av brutto driftsinntekter. Dette er lågare enn i fjor (18,1%), men høgare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo, der snittet er hhv. 9,5% og 11,7%.

I økonomiplanen for 2020 (forordet) går det fram at kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen, og at det difor er eit mål for kommunen at sum av disposisjonsfonda skal utgjera minst 12,5% av brutto driftsinntekter. Dette målet er tilfredsstilt per 31.12.2020.

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor fylgjer rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8, og vurderingar mot grupper vi samanliknar oss med i kostra (jf. nøkkeltal vist i anna kapittel).

Finansplasseringar:

Per 31.12.2020 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot Kr 163.002` i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Hovudbankavtala er inngått for 4 år sidan, og vurderinga er at den har gjeve god avkastning, ut frå at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Vi har hatt rentemargin på 0,25 %-poeng. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Obligasjon Kr 5 000` i DNB Markets. Kommunen får rente på 3 mnd Nibor + 1,5 %-poeng. Marknadsverdi per 31.12.2020 var 5 068`. Plasseringsbeløpet på 5 000` er uavhengig av kursutvikling sikra ved ordinær innfriing i 2022.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 51 067`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til årsregnskapet. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 000`. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale og budsjett (6,7%). Dei langsiktige plasseringane er gjort etter politiske vedtak.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi (1.544` i 2020, 15,44% av kommunen sin bokførte verdi av aksjane). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS /Eidsiva Energi (2.096` i 2020, 1.040` for 2019 og 1056` for tre kvartal 2020). Det er i løpet av 2020 fastsett minimumsutbytte som blir KPI-regulert, og det er planlagt noko auke i utbytte framover. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, medan utbyttet for 2019 var 1.040`, som utgjør 3,83% avkastning.

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av 2020 ei lånegjeld på kr 492.929`. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Det vises til note 8 i årsregnskapet for 2020. Alle låna har flytande rente.

Kommunen har eit lån per 31.12.2020 på 91.875` som skal innfriast i 2021. Dette vart teke opp for nye helsetunet i påvente av utbetaling av investeringstilskot på same sum. Kommunen har motteke tilskotet frå Husbanken og innfridd lånet. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.


Gjelda er auka med 129.964` i 2020, og auka også i 2019 med 125 220`, i samband med utbygging av nytt helsetun og vidareutbygging innan vatn- og avløpssektoren. Lånegjelda er 141% av brutto driftsinntekter i kommunen. Netto lånegjeld jf.kostra er 132% av brutto driftsinntekter i kommunen. Begge nøkkeltala viser at kommunen har vesentleg høgare lånegjeld enn gjennomsnittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo, både per innbyggjar og i % av brutto driftsutgifter.

Avdrag på lån i prosent av brutto driftsinntekter er også vesentleg høgare enn for de i andre gruppene vi samanliknar oss med i Kostra. Lånegjelda heng saman med investeringsnivået, då det vesentlege av investeringane blir lånefinansiert. Vi ser av kostra at investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (59%) og ligg vesentleg over kostragruppe 04 (16,1%) og landet utanom Oslo (15,9%).

Imidlertid er omlag 152.460` av gjelda relatert til sjølvkostområda vatn og avløp. Under føresetnad at abonnentar er villige til å betale sjølvkostprisen framover, skal dette området finansiere seg sjølv gjennom vatn- og avløpsgebyr frå brukarane. Inklusive finanskostnader relatert til gjeld innan denne sektoren. Lånegjeld utanom sjølvkost utgjør 234.000, og 103,2% av brutto driftsinntekter korrigert for inntekter frå sjølvkostområde (19.679`).

Gjelda, både med og utan sjølvkostområda, er vesentleg høgare enn handlingsregelen i økonomiplan for 2020 (forordet) på maksimalt 75% av brutto driftsinntekter. For å redusere renterisikoen bør renteeksponert gjeld ikkje overstige 40% / 50% av brutto driftsinntekter, jf. økonomiplanen for hhv. 2020 (forordet) / 2021. Renteeksponert gjeld per 31.12.2020 er på 49,1% jf.kostra. Det er høgare enn målet i økonomiplanen for 2020, men lågare enn målet i økonomiplanen 2021 og kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (50,7% og 54,6%).

Nedanfor ser vi utviklinga i lånegjeld i % av brutto driftsinntekter, samla, for for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), opp mot målsetjingane som vart sett i økonomiplanen for 2021-.



Den vesentlege og høge lånegjelda kommunen no har, utgjer ein vesentleg auke i kommunens finansielle risiko og sårbarheit. Kommunen har vesentleg auka avdragsplikter framover, er eksponert for renteauke, og vil ha større utfordringar med å balansere drifta i åra som kjem, jf. økonomiplan.

Kraftforvaltninga


Kommunen si kraftmengde på omlag 54,4 GWh blir seld på kaftbørsen. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen var ute på konkurranse i 2018 og gjeld for 2019-2022. Største mengd (50-100%) blir prissikra med eit perspektiv på 1-3 år, for å ha ei føreseieleg inntekt og unngå dei største svingingane i marknaden. Det er opna for tilbakekjøp og ny sikring (trading) for inntil 10% av kraftmengda, for å kunne optimalisere inntekta. Forvaltar nyttar og moglegheitsrommet som ligg i å velja gunstigast tidspunkt for sal (natt/dag, tid på året mv.). Det blir sett ein budsjettpris årleg ut frå marknadssituasjonen på starttidspunktet kommunen vel. Dersom oppnådd pris blir lågare enn det, får forvaltar ikkje honorar for den aktuelle mengden.

For 2020 vart meste av kraftmengda prissikra i juli 2019 til ein garantert pris på 32,81 NOK/kWh. Resten av krafta, ca. 4,9 GWh, blir seld i spot. På nyåret 2020 såg vi ein voldsom nedgang i kraftprisar, og prognosane frå kraftforvaltar då tilsa ein svikt ifht budsjettet for 2020 på ca. 5.700`. Kommunen gjorde budsjettendring i samband med 1.tertial-rapportering.

Resultatet på området vart 2.377` betre enn frykta våren 2020. Det skuldast dels at kommunen oppnådde nok høgare kraftpris mot slutten av året enn det som vart prognosert av forvaltar per april. Budsjettavviket netto for kraftinntekter og kraftkjøp vart 1.176`. Dels vart straumkostnadane for kommunale bygg lågare enn prognosert. Forskjellen mellom ein historisk normalpris på 13,5 øre og det kommunen faktisk har betalt er ført på dette ansvarsområdet, og viser 800` i positivt

budsjettavvik. Kommunen fekk og litt lågare kostnader enn budsjettet til forvaltningshonorar, produksjonskostnader og skatt.

Endeleg kraftoppgjær for 2020 viser ein gjennomsnittleg oppnådd kraftpris på 30,8, mot historisk høge 42,7 per kWh i 2019. Gjennomsnittleg spotpris i 2020 var på rekordlåge 9,80. Kraftprisen kommunen oppnådde i 2020 er god, spesielt sett i forhold til spotprisen dette året, men og sett i forhold til dei historiske kraftprisane. Statistikk viser at gjennomsnittleg kraftpris har variert dei siste 16 åra frå no 9,8 til 43,4 øre i vårt område, dvs. samla sett gjennomsnittleg 28,69.



Vurdering i forhold til kommunens finans- og gjeldsforvaltningsreglement:

Nedanfor omtaler vi den finansielle risiko og avkastning i forhold til viktige mål og krav i kommunen sitt finans- og gjeldsreglement (KS-70/20).

Likviditet. Delmål: Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.

Arbeidskapitalen er redusert til 135.707` per 31.12.2020 (jf. note 1 til årsregnskapet). Kommunen hadde 52.505` i ubrukte lånemiddel som står på bankkonto. Midla skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2020 og som blir gjennomført i 2021. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering) er ca. 83.202`. Vi vurderer at likviditeten per 31.12.2020 er god. Vi har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

Finansiell risiko. Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott, og den delen som står i obligasjon har sikra hovudstol.

Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til, ved at kommunen ikkje har refinansieringsrisiko.

Avkastning på overskotslikviditet. Delmål: Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.

Kommunen har konkurranseutsett bankavtale og nye lån, og vurderer å ha konkurransedyktige vilkår. 5.000'er plassert i obligasjon med betre rente enn ordinære bankkonti. Vi har vurdert å plassere meir likviditet på høgrente eller annan plassering med betre rente. Det har vore knytt usikkerheit til likviditetsbehovet som medfører at vi ikkje har valt å gå inn på dette i 2020. Det vil bli gjort ny vurdering i 2021.

Det har vore vesentleg rentenedgang i marknaden i 2020. Dette har kommunen merka på sine likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva. Delmål: Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

Kommunen vurderer at det ikkje har vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering i 2020. Kommunen har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta i 2020. Kommunen har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding / Eidsiva Energi. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med kommunen si langsiktige finansielle aktiva.

Lågast mogleg totalkostnad for lån. Delmål: Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

Låneopptak i året har i tråd med finans- og gjeldsreglementet vore gjort etter tilbod frå to moglege leverandørar. Rentene på dei eldre låna har ikkje vore særleg ulik renta på nye lån. Kommunen slo saman lån rundt nyttår. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Det har vore vesentleg rentenedgang i marknaden i 2020.

Kraftinntekter. Delmål: Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.

Vi vurderer at kraftforvaltninga sikrar ei god balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter, ved at det er forholdsvis stor grad av prissikring, men samsstundes noko fleksibilitet og moglegheit for optimalisering på ulike måtar. Det ligg og ei nedside for forvaltar som gjev dei incentiv til å arbeide aktivt for at prisen ikkje skal gå under budsjettert minstepris.

Vi har sett bort forvaltninga, då vurderinga er at det er lønsamt for kommunen å samarbeide om denne forvaltninga med ein profesjonell aktør. Administrasjonen har, etter samtalar med andre i bransjen, ikkje fått grunn til å tvile på at forvaltninga er tilfredsstillande og konkurransedyktig.

Ikkje avvik i høve krav i finans- og gjeldsreglementet.

Administrasjonen meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans- og gjeldsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Koronaen (covid-19) og verknad på kommunens økonomi

Kommunen har vore heldig og unngått smitte av omfng i 2020. Likevel har kommunen vore sterkt prega av koronasituasjonen siste året. Kommunen har vore merka av koronaen ved bl.a.:

- Mange tilsette har brukt mykje tid på korona-situasjonen og tiltak for å unngå smittespreiing, rapportering mv.
- Det har gått ut over andre oppgåver, som vi har måtta skyvd på i den grad det har vore mogleg. Det har og medført meirarbeid, og ført til akkumulert meirtid som ikkje er utbetalt. Eksempelvis for administrasjonen på kommunehuset er det 634 akkumulerte meirtimar per 31.12.2020, til ein verdi på 250`-350`. Tilsvarande er situasjonen ved fleire av tenesteområda.
- Auka sjukefråvær grunna koronaen. Fråvær 1.-3. dag grunna koronaen må kommunen dekke, og dette utgjør i 2020 ca. kr 712` (inkl. sosiale kostnader).

"Tapa" ovanfor kjem i tillegg til den økonomiske oppsummeringa nedanfor.

Vi har fleire gonger gjennom året rapportert dei økonomiske konsekvensane av covid-19 til statsforvaltaren i Innlandet. Seinast oppsummering for 2020 som vart sendt 22. mars 2021. Rapporteringa vart gjort for kommunen og vår del av interkommunale samarbeid, IKS, fellesråd og private barnehagar kommunen gjev driftstilskot til, jf tabellen under:

Covid-19 rapportering til fylkesmann for 2020	ØSK
Meirutgifter covid-19 (prosjektregnskap mv.)	3 977
Tap skatteinntekt (KS-beregn.)	652
Tapt foreldrebetaling barnehage/SFO	811
Inntektstap (budsj avvik)	6 856
Mindreutgift lønnsvekst (KS-beregn.)	-3 399
Mindreutgift prisvekst (KS-beregn.)	-425
Redusert arbeidsgjevaravgift	-1 294
Motteke kompensasjon frå staten over ramma	-4 300
Motteke kompensasjon frå staten	-36
Sum netto	2 842

Dette viser altså eit netto tap knyta til koronaen i «reine kroner» på nær 3 mill. kr.

Det er usikkerheit til ein god del av tala, m.a. mindreutgift lønns- og prisvekst, og inntektstap, der det kan vera vanskeleg å avgjera i kva grad tapet skuldast koronasituasjonen eller andre forhold. Det er òg ein fare for at vi ikkje har prosjektført alle meirutgifter knytt til koronaen.

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Ut over dette har vi grunna koronaen motteke ekstra tilskot frå staten til vedlikehald, jf. KS-52/20. Vi har og motteke ekstra midlar til næringsfond, jf. FS-101/20. Den delen av øyremerka midlar som ikkje er nytta i 2020 er avsett til bunde fond.

Koronasituasjonen har bidrege til fleire budsjettavvik i kommuneregnskapet for 2020.

Budsjettavvik drift

Nedanfor gjer vi greie for vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og ev. vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvinga (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd b).

Budsjettavvik i økonomisk oversikt etter art - drift

Økonomisk oversikt etter art - drift	Regnskap	Regulert	Budsjett-
(tal i heile 1000)	2020	budsjett	avvik
1 Rammetilskudd	101 864	103 246	-1 382
2 Inntekts- og formuesskatt	100 080	100 291	-211
3 Eiendomsskatt	22 893	22 620	273
4 Andre skatteinntekter	5 417	5 000	417
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	13 078	9 042	4 036
6 Overføringer og tilskudd fra andre	33 239	22 113	11 126
7 Brukerbetalinger	10 446	12 264	-1 818
8 Salgs- og leieinntekter	62 601	63 506	-905
9 Sum driftsinntekter	349 617	338 082	11 535
10 Lønnsutgifter	167 508	162 969	4 539
11 Sosiale utgifter	28 712	31 837	-3 125
12 Kjøp av varer og tjenester	101 637	104 062	-2 425
13 Overføringer og tilskudd til andre	34 116	26 841	7 275
14 Avskrivninger	22 530	-	22 530
15 Sum driftsutgifter	354 504	325 709	28 794
16 Brutto driftsresultat	-4 886	12 373	-17 259
17 Renteinntekter	2 907	2 560	347
18 Utbytter	3 693	2 320	1 373
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-68	-	-68
20 Renteutgifter	3 510	6 947	-3 437
21 Avdrag på lån	16 360	15 856	504
22 Netto finansutgifter	-13 338	-17 923	4 585
23 Motpost avskrivninger	22 530	-	22 530
24 Netto driftsresultat	4 306	-5 550	9 856

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Disp. eller dekning av netto driftsresultat:			
25 Overføring til investering	-14 900	-14 900	-
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	405	-1 508	1 913
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	10 189	21 958	-11 769
29 Sum disponeringer av netto driftsresultat	-4 306	5 550	-9 856

Rammetilskot: Rammetilskot viser ca 1.382` lågare regnskapsførte inntekter enn budsjettert. Vi har i 2020 motteke ytterlegare tilskot over ramma frå staten i samband med koronaen, desse er ført under overføringar og tilskot frå andre.

Andre overføringar og tilskot frå staten: Vi har motteke øyremerka statstilskot til velferdsteknologi, kompetanseutvikling mv., som er inntektsført her med 2.440`, men som ikkje var budsjettert. Midla er avsett til bundne fond i den grad dei ikkje er nytta i 2020.

Overføringar og tilskot fra andre: Vi har motteke ekstra tilskot frå staten for å kompensere for koronarelaterte kostnader. Det er inntektsført med 4.300` som refusjon frå staten i denne gruppa, og var ikkje budsjettert.

Under denne gruppa ligg og inntektsført refusjon mva-kompensasjon med 6.338` og fødselspengerefusjon med 2.384`, som ikkje er budsjettert, totalt gjev dette eit budsjetttavik på 8.722`. Driftsutgifter til mva og løn er tilsvarande høgare enn budsjettert av same årsak.

Brukarbetalingar: Kommunen har i 2020 hatt lågare brukarbetaling for korrtidsopphald, praktisk hjelp i heimen, kommunal lege, barnehage og SFO som følge av covid-19.

Sals- og leigeinntekter: Gebyrinntekter byggesak, kart og oppmåling mv. vart ca. 1.300` høgare enn budsjettert, og inntekter frå kraftsal vart ca, 1.800` høgare enn budsjettert.

Kommunale avgifter og tilknytingsgebyr vart ca 3.230` lågare enn budsjettert, i alt vesentleg gjeld dette VA. Vi meiner inntektssvikten i stor grad skuldast koronaen. Vi har og hatt lågare inntekter knytt til utleige av kommunale bustader og næringslokale samt kulturskule, grunna koronaen.

Overføringar med krav til motyting: Mva-kompensasjon har ikkje vore budsjettert, noko som gjev budsjetttavik med ca. 6 100` både under "Overføringar med krav til motytelse", og tilsvarande under "Driftskostnader - Overføringar". Det var høgare sjuke- og fødselsrefusjonar enn budsjettert med ca. 3.300`.

Lønsutgifter: Lønskostnadane var totalt 4.539` høgare enn budsjett. Det skuldast avsetjing av variabel lønn for desember med 4.558`, i tråd med anordningsprinsippet. Det er gjort frå 2020, for å koma ajour, og medfører at kostnaden til variabel lønn er ekstra høg i 2020 i forhold til andre år (13 månaders kostnad. Det er og budsjetttavik på vikarar, dels grunna koronaen, fødselspermisjonar, og dels at vikarar (og refusjonar) generelt blir underbudsjettert.

Sosiale utgifter: Sosiale utgifter vart 3.125` lågare enn budsjettert. Kostnader til arbeidsgjevaravgift vart lågare enn budsjettert fordi kommunen vart kompensert for koronaen ved redusert sats ein periode. Kostnadane til pensjon vart og lågare enn budsjettert i 2020 grunna pensjonsreforma og tilbakebetaling av tidlegare innbetalt premie til KLP i 2020.

Kjøp av varer og tenester: Kommunen har brukt 2.425` mindre enn budsjettet. Hovedårsak er at vi har lågare straumkostnader enn prognosert pga. låge straumprisar, og det er gjort noko mindre vedlikehald enn budsjettet.

Overføringer og tilskudd til andre: Overføringer er 7.275` høgare enn budsjettet. Hovuddelen gjeld mva som er betalt, men ikkje budsjettet, og som går mot tilsvarende positivt budsjettavvik for motteke mva-kompensasjon under inntektssida.

Avskrivningar: Det har ikkje vore praksis i kommunen å budsjettere avskrivningar. Difor er det budsjettavvik tilsvarende kommunens regnskapsførte avskrivningar for 2020 på 22.530`. Det er tilsvarende positivt budsjettavvik under eigen post for avskrivningar på inntektssida.

Brutto driftsresultat: Det går fram av regnskapet at sum driftsutgifter er vesentleg høgare enn budsjett, og brutto driftsresultat vesentleg lågare enn budsjett. Dette bildet stemmer ikkje heilt, fordi avskrivningar på 22.530` er medteke som kostnadar i regnskapet, men ikkje vore praksis å budsjettere. Tek vi omsyn til dette, er brutto driftsresultat 5.270` betre enn budsjett.

Utbytte: Kommunen har i 2020 motteke 1.373` meir i utbytte enn føresett i budsjettet. Det skuldast i hovudsak at Innlandet Energi Holding AS har endra praksis for når utbytte blir betalt ut. Frå og med 2020 vedtek dei utbytte for året og betaler ut dette kvartalsvis. I praksis inneber det at kommunen i 2020 har inntektsført utbytte både etterskotsvis for 2019 og for tre kvartal for 2020. Utbytte for 4.kvartal blir betalt ut etter årsregnskapsbehandling i juni, og vil bli inntektsført i 2021.

Renteutgifter: Kommunen fekk vesentleg lågare renteutgifter enn det som vart budsjettet for 2020. Det skuldast rekordlåge renter i 2020 . I tillegg tok vi opp nytt lån seint i året. Av betalte renteutgifter er 2.025` ført på investeringsregnskapet på prosjekt nye helsetunet.

Netto driftsresultat: Resultatet vart 9.855` betre enn regulert budsjett for 2020 på - 5.550` (negativt), og betre enn opprinneleg budsjett for 2020 på 465`. Dette er eit resultat av alle andre budsjettavvik .

Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond: Det er avsett 482` mindre til og brukt 1.430` meir av bundne driftsfond enn budsjettet, slik at det totalt er eit positivt budsjettavvik på 1.913`. Dette skuldast følgjande:


- Øymerka tilskot til Klima+ næringshage er budsjettet avsett med 1.500`, men er ikkje avsett. Kommunen har motteke tilsegn om tilskot, men dette kjem fyrst for utbetaling i 2021. Klima+ har i 2020 vorte finansiert av eigedomsskattemiddel i tråd med budsjett.
- Øymerka næringstilskot, kr 2.349` motteke i 2020 i samband med koronaen er budsjettet brukt fullt ut i 2020, men berre 124` vart brukt i 2020, og forskjellen 2.225` utgjer budsjettavviket. Det er gjort vedtak på korleis restmidla skal nyttast, og dei står på bunde fond til utbetalingar i 2021.
- Det er brukt 1.697` meir av sjølvkostfond for vatn og avløp enn budsjettet, på grunn av høgare driftskostnadar enn budsjettet på området.

Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond: Det vart overført som budsjettet til investering (14.900`). Det vart brukt av disposisjonsfond (10.189`), men mindre enn budsjettet (2.409` mindre enn opprinneleg budsjett, og 11.769` mindre enn revidert budsjettet (21.958`). 11.769` utgjer budsjettavviket på generaløkonomien utanom øymerka prosjekt og sjølvkostområde.

Totaloversikt og budsjettavvik i tenestene

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune


Nedanfor ser vi korleis løyvingane og regnskapsført netto bruk fordeler seg på dei ulike ansvarsområda i 2020. Dess lengre ut på høgre sida, dess høgare netto driftsutgifter, dess lengre ut på venstre sida, dess høgare netto driftsinntekter.



Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Totaloversikt økonomi	Rev. budsjett		
	Regnskap 2020	2020	Budsjett-avvik
Sum generelle driftsinntekter	-236 234	-237 422	1 188
Avskrivninger	22 530	-	22 530
Motpost avskrivninger	-22 530	-	-22 530
Netto finansutgifter	13 335	17 923	-4 588
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	5 366	-7 058	12 424
Til disposisjon	-217 533	-226 557	9 024
Politisk leing og kontrollorgan	3 161	2 925	236
Rådmannen felles	3 181	2 139	1 042
Stab	12 876	10 091	2 785
Felles opplæring og kultur	5 228	5 485	-257
ØSUS	15 097	16 721	-1 624
Rogne skule	15 363	14 099	1 264
Lidar skule	13 725	14 291	-566
Tingvang barnehage	2 298	4 102	-1 804
Rogne barnehage	8 589	7 719	870
Beito barnehage	5 597	6 523	-926
Private barnehager	3 639	3 452	187
Kulturavdelinga	9 764	10 108	-344
Flyktingetenesta	3 295	4 596	-1 301
Felles helse og omsorg	25 193	23 837	1 356
Helse	15 087	15 301	-214
Institusjonstenester	50 290	51 883	-1 593
Tilrettelagte tenester	14 338	14 273	65
Teknisk drift	20 177	16 862	3 315
Næring plan og byggesak	15 562	18 302	-2 740
Kraftforvaltning	-11 081	-8 704	-2 377
Ramme og skatt	-4 267	0	-4 267
Interne finanstransaksjoner	-9 578	-7 446	-2 132
Sum disponering/ bevilgning	217 533	226 557	-9 024

Sum fordelt til drift: Det er brukt 9.024` mindre til drift enn budsjettet. Fordelinga og budsjettavvika fordeler seg slik på dei ulike områda, og er forklarte nærare under kap. "Kommunens tjensteområder".



Premieavviket


Det akkumulerte premieavviket har vore på eit stabilt høgt nivå dei siste 7-8 åra, med ein reduksjon siste år på om lag 670' kr.

Premieavviket er ein konsekvens av at reglane for kommunal rekneskapsføring seier at kommunen kan rekneskapsføre eit anna beløp (ein utrekna «netto pensjonskostnad») enn det som blir innbetalt. Intensjonen med ordninga er at kommunane i sine rekneskap skal kunne fordele rekneskapsføring av reelle pensjonsutgifter over tid, for på denne måten å vere mindre sårbare for konjunktursvingingar.

Låg rente kombinert med relativt høge lønnsoppgjer og auka forventningar til levealder, har ført til at premieavviket over tid har vorte betydeleg høgare enn det som var føresett då ordninga vart etablert. Difor er det gjort også gjort innstrammingar i ordninga.


Det akkumulerte premieavviket (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) i KLP er på **21,9 mill. kr per 31.12.20**. Dette er nesten 7 mill. betre enn prognosane, noko som vert forklart med tre hovudforhold:

- Endringar i regelverket i offentlig tenestepensjon
- Lønnsoppgjeret vart lågare enn forventa
- Kommunen har fått meir tilbakebetalt frå premiefond



Investeringsregnskapet - kommentarar

Kommunen har dei siste åra lagt opp til aukande investeringsnivå.



Investeringsprosjekt 2020 med kommentarar

Nedanfor fylgjer ei oversikt per prosjekt, over driftsutgifter regnskap budsjett og avvik, budsjettavvik prosjektinntekter og netto budsjettavvik med kommentarar. I §5-5 bevilgningsoversikta ligg prosjektinntekene under investeringsinntekter, ikkje i sum investeringsutgifter. Alle beløp i 1 000.

Investering	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Prosj innt.	Netto	Kommentar
Per prosjekt	2 020	2 020	avvik	buds avvik	buds avvik	
Aksjer, andeler og utlån	741	736	5	-	5	
Asfaltering av kommunale vegar	2063	2600	-537	-	-537	Ferdigstilt.
Beitostølen sør-vest	69	1255	-1186	1255	69	
Skibru Beitestølsvegen	69	1100	-1031	1100	69	Blir gjennomført 2021.
Fortau til Beitostølen stadion	-	155	-155	155	-	
Bruar på kommunale vegar	1897	695	1202	-	1202	
Bruar på kommunale vegar	119	-	119	-	119	Blir gjennomført 2021 (Volbu).
Dale bru	1778	695	1083	-	1083	Ferdigstilt.
Bustader	913	-76	989	-904	85	
Bustad - Moavegen 1	-21	-	-21	-	-21	Ferdigstilt.
Brennebakkin - bustader	377	-76	453	-904	-451	Ferdigstilt.
Brennebakkin uteområde bustader	557	-	557	-	557	Ferdigstilt.
ØSUS garderober basseng mv.	2666	1883	783	-	783	Ferdigstilt.
Kommunale bygg øvrig	357	-197	554	-333	221	
Ungdomshus	-17	-	-17	-13	-30	Ferdigstilt.
Skatepark	-41	-	-41	-	-41	
Bankbygget-Næringshage	338	20	318	-320	-2	Ferdigstilt.
Lidar skule - tilknytning avløp	-391	-	-391	-	-391	Ferdigstilt.
Lidar skule - veg / parkering	413	-390	803	-	803	Ferdigstilt.
Uteområde Tingvang - ØSUS	42	-	42	-	42	Blir gjennomført 2021.
Uteområde ØSUS - Gapahuken	7	173	-166	-	-166	Blir gjennomført 2021.
Sal fast eigedom	6	-	6	-	6	
Lydkåk	1003	1246	-243	302	59	Ferdigstilt.

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Nytt helsetun	159491	189396	-29905	-	-29905
Øystre Slidre helsetun	158926	186896	-27970	-	-27970 2021.
Utsmykking helsetunet	565	2500	-1935	-	-1935 2021.
Tomter	9564	15000	-5436	-	-5436
Kjøp av område for bustadbygging	6526	12000	-5474	-	-5474 2021.
Raubrøtmoen industriområde	16	-	16	-	16
Klyppemyrhaugen bustadfelt- for sal	22	-	22	-	22
VA - Moane-Raubrøtmoen- Furustrand	82	752	-670	-	-670
VA - hytteområda	11070	10092	978	-947	31
VA - hytteområda	-	10092	-10092	2500	31
VA Robølshøvda	10823	-	10 823	-3200	7623 Ferdigstilt.
Markahøvda - utb avtale	247	-	247	-247	- Ferdigstilt. Avrekning.
Nordtorp høgdebasseng	3001	2000	1001	-	Blir vidareført 2021. Overfør 1001 til 2021.
VA - Sælid -Nedrefoss	13400	12203	1197	-	1197
VA Sælid -Nedrefoss	-	12203	-12203	-	-12203 Ferdigstilt.
VA Sæle Furustrand	12902	-	12902	-	12902 Ferdigstilt.
VA Storefoss	498	-	498	-	498 Ferdigstilt.
VA - traktor/bilar	1697	1800	-103	-	-103 Ferdigstilt.
VA - utbygging leidningar i bygda	2736	2955	-219	-	-219
VA Granli	548	-	548	-	548 Ferdistilt.
VA Åbakkin	839	-	839	-	839 Ferdistilt.
VA Gullbakkvegen	12	-	12	-	12 Blir gjennomført 2021.
VA Bergojordet - Trasse 3	211	-	211	-	211 Ferdigstilt.
VA Nordtorp - Sælid	35	-	35	-	35 Ferdigstilt.
VA Kjøk - Nordtorp (LIDAR - SÆLID)	138	-	138	-	138 Ferdigstilt.
VA Lidar - Sælid	83	886	-803	-	-803 Ferdigstilt.
VA Utbygging VA-leidningar i bygda	-	2069	-2069	-	-2069
VA Storefoss Nedrefoss	100	-	100	-	100 Blir gjennomført 2021.
VA Hansane Tvenge	572	-	572	-	572

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

VA Nordheimvegen brannhydrant	142	-	142	-	142 Ferdigstilt.
VA Røsshauget	48	-	48	-	48 Blir gjennomført 2021.
VA Heranglie	8	-	8	-	8 Blir gjennomført 2021.
Sum investeringsutgifter	210754	242340	-31586	-627	-32213

Organisasjon

Rekruttering

Det vart til saman rekruttert inn 45 nye personar i faste stillingar gjennom 2020 (mot 25 året før). 26 personar (mot 34 året før) slutta i faste stillingar i løpet av året (turnover på om lag 7,9 %. Rekna i årsverk er turnover om lag 7,5 %).

Sjukefråvær

Kommunen hadde i 2020 eit sjukefråvær på 9,5 %. Fordelt på område/kjønn er tala slik:

Sjukefråvær fordelt på område


	2020	2019	2018	2017	2016
Opplæring og kultur	8,0 %	9,4 %	9,1 %	8,4 %	5,1 %
Helse og omsorg	12,6 %	11,0 %	12,2 %	8,9 %	11,3 %
Andre	6,7 %	7,3 %	5,4 %	7,4 %	5,7 %
Totalt	9,5 %	9,6 %	9,6 %	8,4 %	7,6 %

Sjukefråvær fordelt på kjønn

	2020	2019	2018	2017	2016
Kvinner	10,6 %	10,9 %	11,1 %	9,6 %	8,8 %
Menn	5,0 %	4,3 %	3,7 %	3,3 %	2,5 %
Totalt	9,5 %	9,6 %	9,6 %	8,4 %	7,6 %

Det totale talet på 9,5 % er på nivå med de to føregående åra, men høgare enn gjennomsnittet i kommunen dei siste 10 åra.

Utviklinga i Øystre Slidre gjennom dei siste 10 åra har vore slik:



Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjør hovudtyngda av sjukefråværet i kommunen.

Kroniske/alvorlege lidningar gjev stort utslag på statistikken:




Kommunen har rutinar for oppfølging av langtidsjukmeldte.

Uføredel

Når sjukefråværet i Øystre Slidre har auka gjennom dei siste åra, er det relevant å sjå på kor stor uføredelen er. Her viser tal/statistikk frå KLP at Øystre Slidre kommune framleis har ein låg uføredel. Dette kan vere ei delforklaring på det høge sjukefråværet (kan vere ein indikasjon på at kommunen klarer å legge til rette for arbeidstakarar med helseproblem slik at dei ikkje går over i uføretrygd).

Uføredel i KLP-området utanom sjukepleiarar. Kjelde: KLP

Uføreandel per årsverk



Denne statistikken viser ikkje sjukepleiarar (eigen ordning i KLP).

Likestilling


Under gjer vi greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling, og kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd e og f).

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen.

Nøkkeltal kvinnedel per 31.12.2020

	Nøkkeltal
Kvinneandel tilsette:	269 av 330 (81,5 %)
Kvinneandel årsverk:	79,7 %
Kvinneandel toppleiarar (tilsette):	0 av 3 (0 %)
Kvinneandel mellomleiarar (tilsette):	15 av 19 (78,9 %)

Kvinnenandel av samla årsverk har utvikla seg slik:




Per desember 2020 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 91,4 % av gjennomsnittet for menn (i grunnlaget ligg om lag 253 årsverk):

	Desember 2020	Desember 2019
Snitt reg.lønn kvinner	491 705	484 363
Snitt reg.lønn menn	538 153	533 474
Likelønsprosent	91,4 %	90,8 %

Tilsvarande tal for 2019 var 90,8 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei **positiv** likelønnsutvikling frå 2019. Merk at tala for 2019 er noko annleis her enn det som kom fram i årsrapporten for 2019. Dette har bakgrunn i at tala for 2019-årsrapporten ikkje var fullstendige.

Utviklinga har vore slik:



Etter nokre år med negativ likelønnsutvikling, har kommunen gjennom dei to siste åra kunne vise til gode tal, og likelønnsprosenten er no den beste som har vore i perioden.

Det er særleg innan kategorien «andre» stillingar kommunen er god på likelønn, og det er også området som har hatt den mest positive utviklinga siste år. Dette er stillingar utan krav til høgskuleutdanning, i hovudsak fagarbeidarstillingar. Her er likelønnsprosenten no på 100.

For andre grupper har det vore liten utvikling i 2020

Tiltak


Kommunen har i sine lønnspolitiske retningslinjer eit kapittel om likelønn. Kommunen er bevisste på å kalle inn søkjarar på intervju basert på kvalifikasjonar, og har dei siste åra m.a. tilsett ein kvinneleg driftsoperatør og medarbeidarar av utanlandsk opphav i administrative stillingar. Det er ikkje konkrete planar om nye tiltak.

Arbeidstid/deltid

Arbeidstid/deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidspromatikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status per 31.12 kvart år):

Utvikling deltid (stillingsprosent) fordelt på kjønn



Etter ei særleg gledeleg utvikling i gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner gjennom 2019, har det kome ein liten tilbakegang gjennom 2020. Det har vore ein større nedgang blant menn, utan at det er lett å finne ei god forklaring på dette.

For kvinner er nedgangen er fordelt slik (på område):

Område	2020	2019
Opplæring og kultur	86,45	84,60
Helse og omsorg	61,91	64,05
Andre	77,43	75,59
Totalt	74,25	75,13

I turnusyrke er dette ei kompleks problemstilling, der krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløyse fleire reine helgestillingar (små delstillingar), dersom det ikkje samstundes blir gjort noko med arbeidstidsordningane. Det er frå innflytting i nytt helsetun i 2021 gjort betydelege grep her. Dette vil bli omtala i årsrapporten for 2021.

Øystre Slidre kommune praktiserer elles deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Hovudtariffavtala. Der det blir vurdert som føremålstenleg, opnar kommunen for å dele stilling (at deltidstilsette kan søkje på dei delane av den ledige stillinga som let seg kombinere med eksisterande stilling).

Etisk standard

Undergjer vi greie for tiltak som er sett i verk eller planleggast sett i verk for å sikre ein høg etisk standard (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd d).

Kommunen har retningslinjer for misleghald, og det vart utarbeida nye varslingsrutiner i 2018. Desse er enkelt tilgjengeleg for tilsette (i kommunens internkontrollsystem). Likebehandling og habilitet er viktige verdiar i kommunen, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå også i 2020.

Internkontroll

Kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrer (807 dokument per mars 2021)
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldingar/-handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varsling

Det vart i løpet av 2020 meldt om 138 avvik. Dette er noko mindre enn dei føregåande åra. Dei siste fem åra har talet på avvik variert slik:

År	Tal avvik
2015	145
2016	145
2017	98
2018	140
2019	114
2020	138

Det vart ikkje rom for å gjennomføre den varsla systematiske gjennomgangen av rutinene (systematisering og kartlegging av ev. manglande rutiner/risikoanalyser) i 2020, grunna koronaen. Dette er planlagt gjennomført i 2021.

Miljø

I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det at *"Me skal sikre kvalitetane i naturen for oppleving, næring og utvikling, og tenkje klima og miljø i alt me gjer. Me skal styrke nasjonalparkkommunesatsinga, noko som er positivt både for næringslivet, innbyggjarane og deltidsinnbyggjaren. Utbyggingsgrensene i fjellet og i stølsområda skal stå fast. Gjennom god og styrt tilrettelegging skal me skjerme sårbare områder og redusere eit eventuelt konfliktnivå. Me skal vere i forkant av den grønne omstillinga og klimamåla for 2050, og legge særleg vekt på arbeidet gjennom satsinga Klima+."* Vi har i 2020 etablert prosjektet Klima+ og kome i gang med arbeidet med å omstille hyttenæringa til ei meir klima- og miljøvenleg næring. Delar av den kommunale verksemda har blitt miljøsertifisert i 2020.

Kommunens tjenesteområder

Rådmannen

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Regnskap	Regnskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2019	2020	2020		
100-Politisk leing og kontrollorgan	2 454	3 161	2 925	-237	-8,1 %
110-Rådmannen felles	5 142	3 181	2 139	-1 042	-48,7 %
120-Stab	9 024	12 876	10 091	-2 785	-27,6 %
800-Kraftforvaltning	-15 535	-11 081	-8 704	2 377	27,3 %
900-Ramme og skatt	0	-4 267	0	4 267	0,0 %
910-Renter og avdrag	64	-2	0	2	0,0 %
950-Interne finanstransaksjoner	-4 892	-9 576	-7 446	2 130	28,6 %
Sum	-3 744	-5 708	-995	4 713	473,6 %

Kommentar til status økonomi

Rådmannens område viser samla sett eit positivt budsjettavvik på 4.700`. Nedanfor følgjer oversikt over dei vesentlege budsjettavvika på områda som ligg under rådmannen.

Positive budsjettavvik:

- Ekstra tilskot for å kompensere for koronautgifter, 4.300`.
- Kraftforvaltninga viser netto meirinntekt på 2.377` samanlikna med regulert budsjett. Sjå nærare omtale under sentrale kap. "Finans, gjelds- og kraftforvaltning".
- Pensjon meirinntekt på 2.130`. Som følge av pensjonsreforma mv., har kommunene i 2020 fått ekstraordinær tilbakebetaling av pensjonspremie. Vi fekk tilbakebetalt 8.459`, som er inntektsført her på sentralt ansvar. Tilbakebetalinga får ikkje direkte / full resultat effekt, då endeleg pensjonskostnad i kommuneregnskapet er rekna ut netto pensjonskostnad i aktuarutrekninga. Totaleffekten er netto inntektsføring under rådmann med 9.576`, medan budsjettvert inntekt var 7.446`.
- Indirekte kostnader til vatn og avløp er fordelt frå stab og over på ansvar vatn og avløp med totalt 1.238`. Dette var ikkje budsjettvert, men er gjort i samband med sjølvkost etterkalkyle.
- Det er og mindreforbruk knyta til IKT-utgifter som er ført på stab, medan dei andre tenesteområda i kommunen er belasta IKT i samsvar med budsjett i 2020.

Negative budsjettavvik:

- Avsetjing av etterslep variabel lønn desember, med totalt 4.558`, i tråd med anordningsprinsippet (jf. omtale under sentralt kap. "Budsjettavvik").
- Området kontroll og revisjon, meirforbruk på 690`. Området viser i 2020 over dobbelt så høge utgifter som budsjettvert. Det skuldast overgang frå Kommunerevisjon IKS til Innlandet Revisjon IKS, og ekstrakostnader til Kommunerevisjon IKS i samband med nedlegging av selskapet.
- Det er brukt 423` meir enn budsjettvert på interkommunale tenester stab. Fyrst og fremst for skatteoppkrevjar, som vart utsett overtake av staten grunna koronaen. Kommunen skal ha fått kompensert for denne meirutgifta. Det er og meirutgifter for Innkjøpssamarbeid Valdres, totalt 168`.

Det er også mindre avvik pluss minus på lønnskostnader på dei ulike avdelingar.

- Det er mindreforbruk på lønn på funksjonane stab felles, lønn, personal og personvernombod.
- Økonomiavdelinga har netto 94` høgare nettokostnader enn budsjettert. Grunnen er at avdelinga har vore under sterkt arbeidspress, og betalt ut ein del meirtimar i 2020. Totalt sett er lønnskostnadane på avdelinga 227` høgare enn budsjettert.
- Under rådmannen felles er det meirforbruk på 1.042`. Det skuldast i all hovudsak at det vart gjort ei budsjettdring i året på redusert lønnsvekst, med 1.000`. Dette vart budsjettert sentralt. Men redusert lønnsvekst vert i praksis vist på dei ulike ansvara som har lønnskostnader.

Status mål

Hovedmål	Delmål	Statusbeskrivelse delmål
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Talet på meldte avvik var høgare i 2020 enn -19, men det er truleg framleis underrapportering. Planlagt internopplæring i internkontrollsystema er utsett til 2021 grunna koronaen
	Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.	Kommunen har låg uføregrad, men høgt sjukefråvær. Detaljar per område kjem fram i eget kapittel om sjukefråvær.
	Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.	Det vises til budsjettavvik per ansvarsområde under sentralt kap. Enkelte ansvarsområde (9 av 22) har hatt negative budsjettavvik. Blant dei fire tenesteområda har tenesteområdet tekniske tenester samla sett negativt budsjettavvik. Det skuldast at enkelte regnskapspostar er ført på dette området, men budsjettert under andre tenesteområde, og ikkje utgjør reelle budsjettavvik. Rådmann, opplæring og kultur samt helse og omsorg har positive budsjettavvik samla for tenesteområdet. Alt i alt vurderer vi at kommunen har hatt god budsjett disiplin.

KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	4 239	2 006	4 642	4 289
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	289	438	252	127
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	579	456	569	382

Øystre Slidre har i 2020 rapportert ein god del lågare administrasjonsutgifter enn året før og samanliknbare grupper. Kommunen har i 2020 hatt meir fokus på kostra-funksjonar og fordelt felleskostnader i større grad.

Kommunen bruker vesentleg meir til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i samanliknbare grupper. Det har vore ekstraordinært høge kostnader på området i 2020, i samband med nedlegging av Kommunerevisjon IKS.

Kommunens utgifter til politisk styring gikk litt ned i 2020, men ligg på eit normalt nivå om ein ser på gruppene kommunen samanliknar seg med.

Kostra-indikatorar for økonomi er kommentert under sentrale kapittel.

Opplæring og kultur

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Regnskap	Regnskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2019	2020	2020		
200-Felles opplæring og kultur	9 151	5 228	5 485	257	4,7 %
211-ØSUS	14 933	15 097	16 721	1 624	9,7 %
212-Rogne skule	13 494	15 363	14 099	-1 264	-9,0 %
215-Lidar skule	12 846	13 725	14 291	565	4,0 %
231-IIB Tingvang barnehage	4 253	2 298	4 102	1 804	44,0 %
232-Rogne barnehage	7 942	8 589	7 719	-871	-11,3 %
236-Beito barnehage	5 608	5 597	6 523	926	14,2 %
238-Private barnehager	0	3 639	3 452	-187	-5,4 %
250-Kulturavdelinga	10 064	9 764	10 108	344	3,4 %
280-Flyktingetenesta	-1 611	3 295	4 596	1 302	28,3 %
Sum	76 678	82 594	87 094	4 500	5,2 %

Kommentar til status økonomi

Opplæring og kultur har eit resultat totalt sett som er ca. 4.500` betre enn budsjettert. Dei fleste einingane ligg innafor budsjett. Flyktingetenesta ligg betydeleg betre enn budsjett. Dette er grunna i at mottak av flyktingane vi planla for kom heilt på slutten av året medan tilskot gjeld for heile året.

Rogne barnehage og Tingvang barnehage må sjåast i samanheng. Tingvang barnehage vart lagt ned frå 1.august. Barna vart flytta til Rogne barnehage. Dei fleste tilsette vart flytta med til Rogne medan nokre tilsette ynskja seg over i andre einingar med behov for deira kompetanse. Totalt for desse to barnehagane gjekk 2020 ca 1.000` i pluss i forhold til budsjett.

Rogne skule har eit meirforbruk på løn på ca 1.500`. Dette er grunna i ekstraordinære behov for styrking av bemanning. Tiltak inneheld også samarbeid og bemanning frå helse.

Status målsettinger

Status mål

Hovedmål	Delmål	Statusbeskrivelse delmål
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen	Målsettinga har vorte utfordra i betydeleg grad i den særskilte tida vi har vore gjennom med korona. Tilbakemeldingane frå foreldra har vore gjennomgåande gode. Perioden med stengd barnehage var for mange foreldre og barn utfordrande.
	Alle elevar på 8.trinnet vera over meistringsnivå 1 på nasjonale prøvar	Det er eit stykke fram til målsettinga der alle elevar skal vera over meistringsnivå 1.
	Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø.	Målinga visar ei svak forbetring og det er tett på målsettinga.
	Alle lærarane skal fylle kompetansekrava i dei faga dei underviser i.	Vi har ikkje gode rapporteringssystem for denne målsettinga. Men kompetanseplanen for skulane samt målretta prioritering av vidareutdanningar og rekruttering vil kunne bidra til å tette eventuelle hol her.
	Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med	Det blir arbeida målretta i det daglege for å oppnå målsettinga.
	Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette	Barnehagebasert kompetanseutviklingsarbeid sikrar måloppnåing her.
	Elevene sin trivsel skal vera over landsgjennomsnittet og vi skal ha null-toleranse for mobbing i skulen.	På 7.trinn ligg trivsel tilnærma på landsgjennomsnittet 4,1 mot 4,2. På 10.trinn ligg trivsel på 3,8 mot 4,1 som landsgjennomsnitt. Ingen av elevane på 7.trinn rapporterer mobbing. På 10.trinn er det rapportert ein stad mellom 1-4 elevar.
	Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	
	Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte	
Resultatet frå nasjonale prøvar i 5. trinnet skal liggje over landsgjennomsnittet.	Resultata viser landsgjennomsnitt på rekning, litt under snittet på lesing. I engelsk ligg resultata godt under landsgjennomsnitt. Resultatet 46 mot landsgjennomsnittet på 50 er godt under.	
Resultatet frå nasjonale prøvar i 8. og 9. trinnet skal liggje over landsgjennomsnittet.	Resultata for 8. og 9.trinn ligg omlag på landsgjennomsnitt for begge trinn.	
Sjukefråværet på einingane og graden av utføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.		
Vi skal busetja minst 10 flyktningar i 2020 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.	Det vart busett 11 flyktningar i 2020. Arbeidet med å få flyktningane ut i arbeid og utdanning er i gang.	
Vi skal ha/har mål om fleire mannlege tilsette i barnehagane		

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Hovedmål	Delmål	Statusbeskrivelse delmål
	Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.	Oppfylt samla.
	Vi skal kvalifisera alle elevar til å gjennomføra det 13-årige skuleløpet	
	Vi skal ta i bruk Ungt entreprenørskap i ungdomsskulen	Ungt entreprenørskap er igangset hausten 2020.

KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragrup pe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	657	398	524	425
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud	346	276	489	793
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner)	1 968	2 014	2 451	2 510
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	26,0 %	26,0 %	21,7 %	22,4 %
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	17 460,1	19 038,3	15 185,3	13 818,2
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,7 %	2,7 %	3,4 %	4,0 %
Netto driftsutgifter per innbygger (215) skolefritidstilbud (B))	136	134	238	277
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B)	85	211	106	166
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B))	376	346	343	288
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	181 615,8	162 859,8	184 062,0	169 574,5
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	109 134,7	122 171,9	103 717,3	92 594,8
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år)	6 349	6 026	4 057	2 619
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	3 099,3	2 918,9	5 553,9	6 141,7
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,5 %	1,5 %	1,4 %	1,2 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,9 %	3,8 %	2,4 %	2,7 %
Skoleskys brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,8 %	0,6 %	0,5 %	0,3 %
Produktivitet				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen	1 786	2 084	1 535	1 326
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskys (202, 222, 223), per elev	169 660	168 212	143 756	123 233
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	8,3 %	5,6 %	1,3 %	3,0 %
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent)	17,8 %	14,6 %	16,4 %	21,0 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	3,7 %	6,7 %	10,1 %	7,8 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	2,3 %	1,8 %	2,8 %	4,7 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	84,6 %	78,3 %	83,7 %	84,0 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	17,7 %	24,5 %	20,7 %	17,8 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	80,6 %	63,6 %	70,1 %	72,4 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	77,4 %	72,7 %	65,7 %	68,1 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	6,0	4,5	3,0	2,2

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragrup pe 04	Landet uten Oslo
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	42,2 %	45,9 %	42,9 %	42,4 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	94,8			
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,8	3,8		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	39,7	39,5	42,4	42,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,4	10,7	11,0	12,8

Skule:

Vi nyttar meir midlar på grunnskulen enn dei vi samanliknar oss med. Brutto driftsutgifter til grunnskule pr. elev ligg betydeleg over kostragruppe 04 og landet.

Kostnaden har gått ned pr. elev samanlikna med i fjor. Dei siste åra har utgiftene auka. Det siste året derimot har utgiftene bortimot stått i ro. Årsaken ligg truleg i eit lågt lønnsoppgjør.

Skulane i Øystre Slidre syner gjennomgåande relativt gode resultat. Imidlertid oppnådde avgangsklassa frå ungdomsskulen 39,5 grunnskulepoeng. Dette er godt under landsgjennomsnittet på 42,9. Trenden dei siste åra syner en nedgang i grunnskulepoeng for Øystre Slidre og ei auke på landsgjennomsnittet.

Vi har ein svært låg del elevar som har hatt spesialundervisning. Det har det siste året vore ei betydeleg auke, men vi ligg fortsatt lågt samanlikna med kostragruppe 04 og landet for øvrig. I fjor antok vi at den låge delen kunne vere grunna i restansar i sakkyndige vurderingar frå PPT. Etterslepet er no i ferd med å bli teke inn.

I skulane i Øystre Slidre blir nesten all undervisning gjeve av lærarar med godkjend utdanning. Elevane på 5.trinn har dei siste åra vore litt over og litt under landsgjennomsnittet på nasjonale prøver.

Elevundersøkinga blir brukt til følgje opp særskilte forhold elevane rapporterer på den einskilde skule. Skulane legg vekt på gode prosessar knytt til oppfølging av elevundersøkinga, nasjonale prøver og tilbakemeldingar frå foreldra.

Barnehage:

Kommunen har hatt ein betydeleg nedgang i barnehagekostnadane (fordelt på innbyggartal) enn samanliknbare tal frå kostragruppe 4 og landet utan Oslo det siste året. Nedgangen er knytt til strukturendring. Struktur og organisering av barnehagane var gjenstand for ein stor prosess i 2019. Frå august 2020 vart Tingvang barnehage lagt ned. Kommunen har no tre barnehagar, ein barnehage sør, ein midt og ein nord i kommunen. Strukturen består av to kommunale og ein privat barnehage. Strukturendringa har medført at kommunen no kan tilby barnehagetilbodet meir kostnadseffektivt.

Alle søknadar om barnehageplass er innvilga og alle som har ynskja plass frå fylte eitt år har fått det. Del barn med plass i barnehagane er i 2019 90,6 %. Mange barn ventar med oppstart i barnehagane til dei er nærare 1,5 år. Dette er i hovudsak årsak til at del barn ikkje ligg nærare 100%.

Pedagogtettleik i barnehagane ligg på 45,9%. Dette er eit tal som varierer gjennom året etter som barnetal og bemanning blir justert. Pedagogtettleiken skal ligge over 42% etter pedagognorma.

Minoritetsspråklege barn:

Del minoritetsspråklege barn i Øystre Slidre var i 2020 78,3% mot 84,6% i 2019. Dette er litt under kostragruppe 04 og landet utan Oslo. Dette talet kan vera knytt til mottak av flyktningar seint på året. Flyktningane har på telletidspunktet ikkje starta opp i barnehagen. Dette talet har auka frå ca. 70% i 2017. Kommunen har i 2020 busett 11 flyktningar. Opplæringa i introduksjonsprogrammet er sett i gang i eigen regi.

Kultur:

Vi er på linje med dei vi samanliknar oss med på overføring til kyrkja.

På kulturområdet nytta vi mindre midlar enn kostragruppa, men her vert det ført utgifter innan kultur på området næring. Øystre Slidre kommune har eit rikt og breidt kultur- og idrettsliv. Kommunen bidreg til arbeidet i lag og foreiningar gjennom kulturstøtteordninga. Kulturskulen i Øystre Slidre har eit svært høgt elevtal sett opp i mot totalt tal elevar i grunnskulen. Kulturskulen har stor breidde i sitt tilbod både individuelle tilbod og gruppetilbod.

Ungdomsklubben har hovudaktiviteten i Gapahuken og denne aktiviteten har naturleg nok vore sterkt redusert grunna korona. Koronasituasjonen har utfordra ungdomsaktiviteten til å finne andre måtar å drive aktivitet for ungdommen. Aktivitet tilpassa koronasituasjonen vart teke opp att på hausten etter ei periode med stengd ungdomsklubb. Eit aktivt ungdomsråd bidreg godt i dette arbeidet. Lydkåk i nærleiken av Gapahuken vart ferdigstilt i 2020 og har hatt høgt aktivitetsnivå.

Øystre Slidre kommune sin utstyrssentral har ei fin utvikling på utlån av utstyr. Dette synleggjer eit behov for utstyr og bidreg samstundes til aktivitet. Tal lånetakarar har auka frå 76 i 2017 til 241 i 2020. I 2017 vart 302 sportsartiklar lånt ut. I 2020 var tilsvarande tal 1055.

Frivilligsentralen har i 2020 hatt 74 frivillige som har utført ca. 1100 timar med frivillig arbeid. Dette er langt lågare enn eit normalår. Nedgangen er knytt til redusert aktivitet pga korona.

Helse og omsorg

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
300-Felles helse og omsorg	20 556	25 193	23 837	-1 355	-5,7 %
310-Helse	17 382	15 087	15 301	214	1,4 %
360-Institusjonstenester	53 699	50 290	51 883	1 593	3,1 %
370-Tilrettelagte tenester	13 754	14 338	14 273	-65	-0,5 %
Sum	105 391	104 908	105 294	386	0,4 %

Kommentar til status økonomi

Helse- og omsorgstenestane samla har eit lite mindreforbruk i 2020. Aktiviteten i året er prega av pandemien og vi har i samband med denne hatt store utgifter til m.a. smittevernutstyr og vikarutgifter. Ein stor del av desse utgiftene vil bli dekkja av tilskot frå staten.

Felles helse og omsorg har eit meirforbruk på 1,3 mill. som i all hovudsak er grunna i eit betydeleg meirforbruk i barneverntenesta. Kommunen har også dette året ein stor vekst i talet på barnevernsaker som endar med plassering i fosterheimar, eller at det blir etablert ordningar med besøksheimar. I slike saker har vi store utgifter til sakkyndige og advokatar.

Dei andre tenestane i Helse og omsorg ligg omlag på budsjett.

Status målsettinger

Målsetting

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Status måloppnåelse

Sjølv om 2020 har vore eit spesielt år med mykje usikkerheit, meiner vi at vi har produsert tenester med god kvalitet, og effektiv ressursbruk.

I kva grad vi har klart å endre kurs med tanke på måloppnåing er meir usikkert, Koronasituasjonen har teke mykje fokus og arbeidskapasitet.

Status mål

Hovedmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle avdelingar skal ha gjennomført ROS-analyser i 2020.

Statusbeskrivelse delmål

Det er utarbeidd nokre ROS-analyser, men vi er ikkje i mål med dette.

Gjennomsnittleg liggetid pr. innlegging i sjukeheim skal ikkje overstige 80 døger.

Prosessen for å oppnå dette er sett i gang. Vil ta noko tid å oppnå dette.

Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Vi ser ein betydeleg auke i aktiviteten på Compilo. Alle planer, prosedyrer og retningslinjer ligg der, og dei tilsette har fått grunnopplæring i å finne fram.

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Hovedmål	Delmål	Statusbeskrivelse delmål
	Mellombelse butilbod skal berre unntaksvis verta nytta av barnefamiliar og unge, og slike opphald skal ikkje vare meir enn tre månader	Har ikkje gjennomført dette. Vi har forventningar om å kunne ta dette i bruk når bustadkontoret får gått seg til.
	Minst 2 leigetakarar i kommunale bustader skal årleg gå frå leige til eige.	Har ikkje gjennomført dette. Vi har forventningar om å kunne ta dette i bruk når bustadkontoret får gått seg til.
	Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning	Vi ligg på 82% i 2020.
	Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.	Samla sett ligg vi på budsjett i 2020.
	Vi skal ta i bruk Øystre Slidre helsetun i løpet av 2020.	Det meste var klart til årsslutt, og innflytting var januar 2021.
	Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.	Vi har ikkje overliggende utskrivingsklare pasientar i 2020.

KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	460 078	373 458	214 696	215 624
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	17 849	20 505	13 321	10 672
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)	19 852	21 134	19 032	19 172
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	35,1 %	35,1 %	35,7 %	32,0 %
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	12,3	26,7	17,2	17,5
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	53 863	48 155	40 707	50 907
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	307 457	341 963	279 020	282 685
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 048 918	1 105 225	1 228 673	1 289 083
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	3 811	4 195	3 996	4 019
Dekningsgrad				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,5 %	2,7 %	3,4 %	2,9 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3,3 %	5,3 %	4,9 %	4,6 %
Kvalitet				
Andel brukerretnede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	80,5 %	80,5 %	77,6 %	78,0 %
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	99,3 %	98,5 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 110,0	1 107,0	1 080,0	1 155,0
Kommunekasse				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	37,6 %	36,5 %	32,0 %	34,5 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse)	2 437	2 808	2 391	2 304
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse)	1 843	2 187	2 803	2 933
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse)	208	285	230	357
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse)	3 039	3 554	3 148	3 308

Prioritet

Det er fleire barn i barnevernet enn tidlegare å fordele dei samla utgiftene på, difor går summen per barn ned, men totalutgifta går opp.

Vi har også i 2020 ei auke talet på fosterheimplasseringar. Det er knytt betydelege utgifter til sjølv plasseringa, i tillegg til salær til advokatar og sakkunnige. Vi ser og ei auke når det gjeld plassering i besøksheimar.

Produktivitet

Vi ligg høgt når det gjeld tal barn med tiltak eller undersøking per årsverk i barneverntenesta. Dette viser at mange av sakene som blir meldt inn frå kommunen endar i tiltak eller undersøking. Dette gjer også utslag på økonomien.

Vi ser ein liten reduksjon i utbetalingane til økonomisk sosialhjelp. Men vi ligg fortsatt godt over kommunegruppa.

Vi ser ei auke i utgifter per mottakar av heimetenester. Dette skuldast i hovudsak at vi i 2019 måtte kjøper tenester frå eit privat firma då vi ikkje hadde kompetanse til å kunne gje eit ade kvat tilbod lokalt.

Beleggsprosenten på institusjon har vore noko lågare enn tidlegare år, slik at utgiftene per kommunal plass har gått opp.

Dekningsgrad

Barn med barnevernstiltak aukar, men vi har tradisjonelt hatt kunstig låge tal over fleire år. Om ein samliknar med kommunegruppa har vi endå att litt før vi er på deira nivå.

Ein stor del av meldingane vi sender til barnevernet endar i undersøkingar. Det kan indikere att vi ventar for lenge med å melde, slik at saka har har fått utvikle seg før den blir meldt.

Kvalitet

Delen brukerretta årsverk med helsefagutdanning held seg godt over kommunegruppa. Vi har eit mål om å kome opp i 82% i planperioden.

Listelengda for fastlegane er fortsatt høg, og vil ikkje gå ned før vi har rekruttert den fjerde fastlegen.

Kommunekasse

Vi har bevisst auka fokuset på førebyggjande tiltak i tenestene. Auka frå 2019 er grunna i korleis vi rapporterer psykisk helseteneste i kommunen. Denne tenesta er lagt opp som eit lågterskeltilbod, og vi har frå 2020 rapportert tenesteytinga der som eit førebyggjande tiltak.

Tekniske tenester

Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
420-Teknisk drift	26 399	20 177	16 862	-3 315	-19,7 %
450-Næring plan og byggesak	2 135	15 562	18 302	2 740	15,0 %
Sum	28 534	35 739	35 164	-575	-1,6 %

Kommentar til status økonomi

Teknisk drift

Områda under teknisk drift viser samla meirforbruk på 3.315`. Det skuldast i hovudsak:

Vatn og avløp viser negativt budsjettavvik på 4.311`.

- Høgare driftsutgifter for VA, ca. 1.600`. Kommunen har anlegg som er nokre år gamle, og som no treng vedlikehald og utskifting av deler og komponentar. F.eks. rister og UV-anlegg ved Kollstad vassverk. Vi har også betalt ut ulempe erstatning til grunneigarar, og noko bruk av konsulent då vi har hatt mange nye som treng opplæring.
- Kommunale avgifter og tilknytningsgebyr har vore lågare enn budsjettert, med hhv. 2.200` og 1.145`, totalt 3.345`.
- Indirekte kostnader for VA, berekna til 1.527`, er i 2020 belasta ansvar for vatn og avløp, med tilsvarande reduksjon under rådmann/stab, og 200` under plan og areal. Flyttinga av kostnader er ikkje budsjettert, men er gjort i samband med sjølvkost etterkalkyle.
- Inntektsføring frå bunde sjølvkostfond er 1.697` høgare enn budsjett, fordi sjølvkost er høgare enn budsjettert i 2020.

Resultatet på ansvarsområdet VA viser netto inntekt på 7.145`. Sjølvkostområdet VA er sjølvfinansierende, men ein del av kostnadene - avskrivningar og renter (totalt 7.145`), ligg under sentralt område.

Andre negative budsjettavvik finn vi på områda:

- Kommunale vegar: Vi har hatt eit meirforbruk på vintervedlikehald av veg. Dette er ein post som er varierende frå år til år.
- Eigedomshaldning: Kommunen har budsjettert med høgare inntekter enn det vi har fått inn i husleige. Det har bl.a. vore mange omsorgsleilegheiter som ikkje har vore leigd ut i 2020.
- Reinhald: Det er avvik på reinhaldsartiklar. Dette har samanheng med koronaen. Vi har meir bruk av desinfeksjonsmiddel, og desinfeksjonsservietter, papir, og vi har kjøpt inn meir utstyr til bruk for reinhaldarane. Det er og blitt kjøpt inn nye maskiner og utstyr i forbindelse med det nye helsetunet.
- Vi har hatt lågare utgifter til straum i kommunale bygg enn det som var budsjettert.
- Det har og vore brukt litt mindre på vedlikehald enn budsjettert.

Næring, plan og byggesak

På dette området er det totalt 2.740`i positivt budsjettavvik. Det skuldast i hovudsak:

- På dette området er det totalt 2.740`i positivt budsjettavvik. Det skuldast i hovudsak:
- Plan og areal viser 489` mindre nettokostnader enn budsjettert. Det skuldast m.a. lågare lønsutgifter til nyttilsett, og at del av lønnskostnader på denne avdelinga er flytta til andre ansvar i samband med sjølvkostvurderingar. Andre vegen går at kommunen ikkje har fått budsjetterte gebyrinntekter på 200`.
- Byggesak har 241` lågare nettokostnader enn budsjettert. Det skuldast at personell har vore i permisjon og ikkje vorte erstatta i perioden.
- Kart og oppmåling viser eit positivt budsjettavvik på 1.046`. Det skuldast at gebyrinntektene vart 430` betre enn budsjettet, og kommunen har motteke eit øyremerka tilskot på 100` til kartlegging av kritiske punkt, som ikkje var budsjettert. I tillegg er det feilbudsjettert kjøp av tenester frå andre med 428`.
- Mindre aktivitet og innsparing eller feilbudsjettering. Den type innsparing finn vi under felles næring, plan og byggesak, næringsutvikling (343`), miljø, friluft-, vilt og utmarksforvaltning (227`), miljø (118`).

Status målsettinger

Målsetting

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Status måloppnåelse

Kostra-tala syner at vi oppfyller dette, med kort sakshandsamingstid og gebyr som andre kommunar.

Kommunen nyttar betydelege summar på næringsutviklingstiltak som kjem alle til nytte. Spesielt er stigar og skiløypeproduktet høgt prioritert. Dette er finansiert over eigedomsskattemidlar. Covid-19 har gitt store utfordringar for deler av næringslivet. Kommunen fekk sommaren 2020 tildelt 2,3 mill. kr av nasjonale covid-19-midlar som etter søknad er tildelt ulike verksemder til prosjekt som skal styrke dei på kort og lang sikt. Kommunen har i 2020 etablert informasjons- og nasjonalparksenter på Beitostølen og sett i gang tiltak for ein restrukturering av Beitostølen utvikling som ein vonar vil styrke samarbeidet innanfor næringsbedriftene på Beitostølen.

Status mål

Hovedmål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.feb. kvart år

Statusbeskrivelse delmål

Målet er nådd.

Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Vi nyttar dette på relevante område.Vi nyttar dette på relevante område.

Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråværet for kommunane for tilsvarende tenester.

Målet er nådd.

Vi skal gjennomføre alle investeringar i investeringsprogrammet

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Hovedmål

Delmål

Statusbeskrivelse delmål

	Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år	Målet er ikkje nådd. 5 tilsyn av nye anlegg og 50 tilsyn av eldre. Forklaringa er at ansvarleg for oppgåva har hatt redusert stilling grunna permisjon, og at det gjekk med tid til å bygge opp eit system med oversikt over anlegga.
	Vi skal ha avløpssystem som fyller alle krava i nasjonalt regelverk, kommunale forskrifter og vilkår sett ved utslippsløyve.	
	Vi skal halde alle fristane etter plan- og bygningslova og gjennomført minst 30 byggjetilsyn.	Målet er nådd.
	Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.	Målet er nådd for NPB. Teknisk drift har negative budsjettavvik, som er særleg knytt til VA.
	Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.	Målet er ikkje nådd.
	Vi skal revidere trafikktryggleiksplanen i 2020 og frå 2020 bli trafiksikker kommune.	Målet er nådd.
	Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får nok vatn av tilfredsstillande kvalitet	Målet er nådd.
Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.	Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.	Målet er nådd. Det er sett i gang byggearbeid på tre prosjekt i 2020. Målet er nådd. Det er sett i gang byggearbeid på tre prosjekt i 2020.
	Vi skal etablere ein næringshage i Bankbygget	Målet er nådd.
	Vi skal etablere eit nasjonalparksenter i Velkomstsenteret på Beitostølen	Målet er nådd. Grunna koronaen vart opninga av senteret utsett. Det er inngått eit samarbeid mellom Visit Valdres, Beito Aktiv og kommunen om drift av senteret, som og skal tene som eit informasjonssenter for Langsua Nasjonalpark. Det vil bli arbeidd vidare i 2021 for å løfte senteret med omsyn på presentasjon.
	Vi skal gjennomføre eit klimaprojekt støtta av Miljødirektoratet	Kommunen fekk midlar som omsøkt. Det er inngått intensjonsavtalar med 10 ulike firma, som m.a. vil utvikle sine utbyggingsprosjekt i ein klimavennleg retning.
	Vi skal gjennomføre forprosjektet busetting, innovasjon og næringsutvikling	Gjennomført og resultat ligg på nettsida til kommunen.
	Vi skal gjennomføre mogelegheitsstudie for Heggenes og for Beitostølen.	Det er gjennomført mogelegheitsstudie ved hjelp av konsulent. Den lokale deltakinga var god. Mange gode innspel, og ein god rapport som vil ligge som eit grunnlag for arbeidet med arealdelen.
	Vi skal i samarbeid med andre etablere Nasjonalt senter fjellandbruk på Løken gard	Det er i løpet av året arbeidd med mål om å opprette to selskap- eit eigedomsselskap og eitt driftsselskap. Det er

Årsrapport 2020 Øystre Slidre kommune

Hovedmål	Delmål	Statusbeskrivelse delmål
		no nok interessentar til å starte opp desse selskapa når den eigedomen som vart frådelt blir lagt ut for sal.
	Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal.	Kommunen har framleis tomteressursar i etablerte felt. Kommunen har kjøpt areal av Opplysningsvesenets fond i Heranglia, og vil i 2021 starte opp det fysiske arbeidet for å legge til rette for sal av nye tomter. Vi har etterspurnad etter næringsstomter på Beitostølen som vi ikkje kan imøtekome.
	Vi skal vedta ein næringsstrategi som del av kommuneplanen	Utført
	Vi skal vedta ny planstrategi og revidere samfunnsdelen av kommuneplanen.	Utført

KOSTRA Nøkkeltall

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2019	Øystre Slidre 2020	Kostragruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	24,5	22,9	16,8	15,4
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 370	1 178	1 406	1 567
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	150 077	148 036	98 259	149 183
Produktivitet				
Avløp - driftsutgifter per innbygger tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	7 399	6 961		1 317
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	8	18	32	28
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb)	7 403	9 655		1 117
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	2 967	2 920	4 701	3 881
Dekningsgrad				
Avløp - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste	43,2 %			
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	21,6 %	21,4 %		81,4 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	62,1 %	61,6 %		85,5 %
Vann - Andel av husholdningsabonentene som har installert vannmåler	95,0 %	95,0 %		40,7 %
Kvalitet				
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	549	540	533	487
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr)	9 957	13 130	12 580	15 852
Andre nøkkeltall				
Samlet energibruk i adm.lokaler, egne bygg, per m2, konsern	129	99		157
Samlet energibruk i komm. institusjonslokaler, egne bygg, per m2, konsern	295	274		186
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	175	163		117
Kommunekasse				
Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse)	1 949	-247	337	82
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse)	608	772	338	118

Prioritet

Vi viser til årsrapport for Valdres brann- og redningsteneste IKS når det gjeld brann og feiing.

Kommunen har ikkje så mange kommunale bustader, og det kan være ein årsak til at vi ligg under både kostragruppe 04 og landet utanom Oslo.

Vi har få km med kommunal veg. Kommunen har mykje vedlikehald både sommar og vinter på vegane. Vi ligg på same nivå som landet u/Oslo og litt høgare enn dei kommunane vi blir samanlikna med.

Produktivitet

Avløp - driftsutgifter per innbyggjar: Vi ligg veldig høgt i forhold til landet utanom Oslo. Dette har samband med at vi har få "innbyggjarar", men mange hytter som er påkøbla den kommunale avløpstenesta.

Sakshandsamingstid: Talet for sakshandsamingstid for 2019 er sakshandsamingstida for saker med 3 vekers sakshandsamingsfrist. Talet for i år gjeld alle saker med både tre veker og 12 vekers frist. Talet ligg godt under kostragruppa, og syner at vi har ei effektiv avdeling på byggesaksområdet.

Vatn - driftsutgifter per tilnytta innbyggjar: Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Dette gjer seg utslag i høge driftsutgifter for vatn i forhold til innbyggjarar.

Årsgebyr for vassforsyning: ØSK ligg under landet og kostragruppe 4 på årsgebyr vatn.

Dekningsgrad

Avløp - del av befolkninga som er tilknytta kommunal avløpsteneste: ØSK har kun vel 40% del innbyggjarar kople på kommunal avløpsteneste, noko som er ein god del lågare enn landet u/Oslo.

Vatn - del av befolkninga som er tilknytta kommunal vassforsyning: ØSK ligg på kun 20% del innbyggjarar kople på kommunalt vassverk. Dette har samband med at det er eit privat vassverk som dekker deler av kommunen, og at mange innbyggjarar har egne brønnar.

Vatn - del av husholdningsabonnentane som har installert vassmålar: Dei aller fleste av våre abonnentar er tilkople ein vassmålar. Samanlikna med landet u/Oslo som ligg på ca 40 % så ligg vi godt over det.

Grunnlagsdata

Byggesaksgebyret ligg omkring snittet i kostra-gruppa

Andre nøkkeltal

Samla energibruk i adm.lokalene eigne bygg: Her ligg vi litt under samanliknbare kommunar, men langt under landet u/Oslo.

Samla energibruk i kommunale institusjonslokaler eigne bygg: Vi har ein gammal sjukeheim som krev mykje energi. Vi ligg veldig mykje høgare enn dei samanliknbare kommunane og landet u/oslo generelt.

Samla energibruk i komm.skulelokaler: Her ligg vi litt høgare enn landet u/Oslo. Vi har tre skular som ligg spreidd, dette vil seia at vi brukar meir energi enn om vi hadde hatt ein samla skule.

Kommunekasse:

Netto driftsutgifter per innbyggjar for tilrettelegging og bistand for næringslivet: Dette området har kommunen prioritert langt høgare enn snittet av dei gruppene vi samanliknar oss med. Kommunens regnskap for kostrafunksjonen viser at både netto og brutto driftsutgifter for kostrafunksjon 325 var hhv. 5,5 og 6,5 mill kr også i 2020.

Kostnader til landbruksforvaltning: Talet har auka noko frå i fjor, og ligg over kostra-gruppa. Talet er ei forklaring på at kommunen er ei landbrukskommune, og at næringa blir prioritert, ma. med midlar over eigdomsskatten.

Årsregnskap

§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Rammetilskudd		-101 864	-103 246	-103 246	-100 957
Inntekts- og formuesskatt		-100 080	-100 291	-100 291	-100 148
Eiendomsskatt		-22 893	-22 620	-22 500	-21 270
Andre generelle driftsinntekter		-11 397	-11 265	-11 300	-6 245
Sum generelle driftsinntekter		-236 234	-237 422	-237 337	-228 619
Korrigert sum bevilgninger drift, netto		218 590	225 049	217 449	209 133
Avskrivninger	4	22 530	0	0	19 296
Sum netto driftsutgifter		241 120	225 049	217 449	228 429
Brutto driftsresultat		4 886	-12 373	-19 888	-191
Renteinntekter		-2 907	-2 560	-3 560	-4 934
Utbytter		-3 693	-2 320	-2 320	-1 980
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler		68	0	0	-92
Renteutgifter		3 510	6 947	9 447	5 474
Avdrag på lån	8	16 360	15 856	15 856	11 793
Netto finansutgifter		13 338	17 923	19 423	10 261
Motpost avskrivninger		-22 530	0	0	-19 296
Netto driftsresultat		-4 306	5 550	-465	-9 225
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering		14 900	14 900	19 500	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	11	-405	1 508	-6 437	9 004
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-10 189	-21 958	-12 598	221
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet		0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		4 306	-5 550	465	9 225
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		0	0	0	0

§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Note	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Regnskap 2019
Politisk leing og kontrollorgan		3 161	2 925	3 000	2 454
Rådmannen felles		3 181	2 139	4 635	5 142
Stab		12 876	10 091	9 265	9 024
Felles opplæring og kultur		5 228	5 485	9 537	9 151
ØSUS		15 097	16 721	16 721	14 933
Røgne skule		15 363	14 099	14 087	13 494
Lidar skule		13 725	14 291	13 683	12 846
IIB Tingvang barnehage		2 298	4 102	4 102	4 253
Røgne barnehage		8 589	7 719	7 719	7 942
Beito barnehage		5 597	6 523	6 523	5 608
Private barnehager		3 639	3 452	0	0
Kulturavdelinga		9 764	10 108	10 143	10 064
Flyktningetenesta		3 295	4 596	5 431	-1 611
Felles helse og omsorg		25 193	23 837	20 254	20 556
Helse		15 087	15 301	18 228	17 382
Institusjonstenester		50 290	51 883	51 183	53 699
Tilrettelagte tenester		14 338	14 273	14 273	13 754
Felles tekniske tenester		0	0	0	0
Teknisk drift		20 177	16 862	16 462	26 399
Næring plan og byggesak		15 562	18 302	13 918	2 135
Kraftforvaltning		-11 081	-8 704	-14 404	-15 535
Ramme og skatt		-4 267	0	-800	0
Renter og avdrag		-2	0	0	64
Interne finanstransaksjoner		-9 576	-7 446	-7 446	-4 892
Sum bevilgninger drift, netto		217 533	226 557	216 512	206 859
Herav:					
Avskrivninger		0	0	0	0
Netto renteutgifter og -inntekter		3	0	0	2
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond		-1 060	1 508	-937	8 893
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	-11 169
